

## **Opning av KIFO-konferanse forsking om muslimar i Noreg**

Tusen takk for invitasjonen til å opne denne konferansen! Eg vil takke dykk i institutt for kyrkje-, religions- og livssynsforskning for å setje dette viktige temaet på scena.

\*

I dag handlar det om muslimar i Noreg. Om kven norske muslimar er, og korleis muslimar i Noreg praktiserer trua si på forskjellige måtar. Det er viktig å vite meir om.

Eg trur at det eksisterer ei oppfatning om at religiøse er «sånn eller slik». Kanskje er dei haldningane endå sterkare overfor muslimar. For det er slik som det står i programmet for dagen - at muslimar i Norge ofte blir omtalt som ei gruppe.

Men dei som er truande er òg individ. Dei har ulik bakgrunn og ulike tilnærmingar til verda, etikk og moral.

Det er ikkje slik at skillelinene i til dømes ulike etiske og moralske spørsmål går mellom for eksempel kristne og muslimar, nei, skillelinene dei går ofte gjennom ulike trustradisjonar.

Det er ikkje slik at alle kristne går i kyrkja kvar sundag, at alle muslimar går i moskeen på fredag eller ber fem gonger til dagen, eller at alle jødar held sabbat på same måte.

For mange religiøse er det nok med å tru - og det er jo trua som binder dei saman til slutt.

\*

Regjeringa seier i Hurdalsplattforma at vi vil ha eit livssynsope samfunn, der alle har respekt for og kunnskap om livssynet til andre. Difor treng vi konferansar som denne som gir oss meir innsikt og kunnskap om det mangfaldet som er med på å gjere det norske samfunnet til eit livssynsope samfunn. Då forstår vi meir om kvarandre, om kva som er ulikt, og ikkje minst, kva vi har til felles.

Dagens konferanse bidrar til den store samtalen, til «eit ope og opplyst offentleg ordskifte», som det står i Grunnlova § 100. Vi får meir innsikt.

Det kan hende at vi som trur bør ta eit ekstra ansvar for eit ope og opplyst ordskifte. Vere brubyggjarar. Eg er takksam for at mange muslimar engasjerer seg. At det finst muslimske paraply- og dialogorganisasjonar er ei styrke for det norske samfunnet. Det er òg ei styrke at personar med muslimsk bakgrunn og tru engasjerer seg i samfunnsdebatten. Men det kan også vere krevjande å stå fram som muslim, for som vi vil høyre meir om i dag opplev muslimar å bli diskriminert for bakrunnen deira.

\*

Eg synst det er trist å lese at 43 prosent av norske muslimar har hatt opplevingar av å ikkje høyre til i det norske samfunnet. Ikkje berre det, men at 1 av 3 har skjult sin religiøse identitet for å unngå negative opplevingar.

Dessverre er det ikkje rart at dei opplever det slik sidan ei anna kartlegging viser at 1 av 3 nordmenn meiner at muslimar ikkje passer inn i eit moderne vestleg samfunn.

Det er ikkje sant, og slike syn bidrar ikkje til det livssynsope samfunnet som regjeringa ønskjer. Muslimar er del av det norske samfunnet, og her høyrer de til.

\*

I media kan ein få inntrykk av at muslimske miljø og moskear er «lukka» for omverda. Det er ikkje mi erfaring.

For mi eiga del kan eg i alle fall seie at mi oppleving er at moskear og muslimske miljø gjerne inviterer og tar imot besøk med opne armar og ein fantastisk gjestfridom, med mykje god mat.

*Her fortalte statsråden om ei personleg oppleving i møte med muslimar.*

\*

Eg er glad for, og trur at vi treng både forsking og kunnskap på ulike religiøse miljø i eit livssynsope samfunn. Men eg trur også vi trenger dei uformelle møteplassane og dialogen.

Dagens konferanse håpar eg at blir eit bidrag til begge deler, med faglege presentasjonar og uformelle møteplassar i pausane.

Eg ønskjer å avslutte med å takke KIFO – Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning for initiativet til denne konferansen. Basert på programmet verkar det som de vil høyre om mange interessante tema.  
Eg vil ønskje de lukke til med konferansen.

Takk for meg!